



SAKSHANDSAMAR
Monica Anette Rusten

VÅR REF.
09/00226-7

ARK. B - Bygninger
317 (Norrdal) Norrdal - MR

DYKKAR REF.

INNVÅLSTELEFON

DYKKAR DATO

VÅR DATO
07.11.2013

TELEFAKS
+47 22 94 04 04
postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

Adresseliste

HUSMANNSPLASSEN SEVERINBRAUTA, BYGSLA DEL AV VEIBERG GARD, GNR. 60, BNR. 3 OG 4, NORDDAL KOMMUNE - VEDTAK OM FREDING MED HEIMEL I LOV OM KULTURMINNE §§ 15 og 19 JF. § 22

Vi viser til fredingsforslag for husmannsplassen Severinbrauta, bygsla del av Veiberg gard, gnr. 60, bnr. 3 og 4, Norrdal kommune dagsett 8. juni 2010 som har vore på høyring hjå aktuelle partar og instansar. På grunnlag av dette fattar Riksantikvaren følgjande vedtak:

VEDTAK:

Med heimel i lov om kulturminne av 9. juni 1978 nr. 50 (kml) §§ 15 og 19 jf. § 22, fredar Riksantikvaren husmannsplassen Severinbrauta, bygsla del av Veiberg gard, gnr. 60 bnr. 3 og 4, i Norrdal kommune.

Omfanget av fredinga

Fredinga etter kml § 15 omfattar følgjande objekt:

- *stovebygning (samanbygd med løe/fjøs), bygningsnr. 180027432 (AskeladdenID 120531-1)*
- *løe/fjøs (samanbygd med stove), bygningsnr. 180027432 (AskeladdenID 120531-2)*
- *slåtteeing og hage som avmerka på kartet nedanfor (AskeladdenID 120531-3)*

Fredinga omfattar eksteriøret og interiøret til bygningane og inkluderer hovudelement som planløyising, materialbruk og overflatehandsaming og detaljar som vindaug, dører, gerikter, listverk, eldstadar og fast inventar.

Fredinga omfattar slåtteeinga og hagen med terrassar, restar av opphavleg vegetasjon, og spor etter gjerder og eventuelle andre faste konstruksjonar.


Fredinga omfattar også følgjande større laust inventar:

- *ådra spisebord med to tilhøyrande sittebenker*
- *to skuvesenger*

Fredinga etter § 19 omfattar følgjande område:

- *området med kulturlandskap kring plassen med innslag av beitemark og dyrka mark*

Avgrønsinga er merka av på kartet nedanfor.



Formålet med fredinga

Formålet med fredinga er å ta vare på Severinbrauta som eit bygningshistorisk og kulturhistorisk viktig døme på ein husmannsplass frå 1870-åra.

Det er vidare vesentlig å ta vare på kulturhistorisk verdifulle uttrykk for den historiske utviklinga til bygningane.

Eksteriørfredinga skal sikre bygningane sin arkitektur. Både hovudstrukturen i det arkitektoniske uttrykket og detaljeringa, så som fasadeløysing, opphavlege/eldre vindauge og dører, materialbruk og overflater, skal oppretthaldast.

Formålet med interiørfredinga er å ta vare på rominndeling, bygningsdelar og overflater i dei delar av interiøret som er kulturhistorisk interessante. Fast og spesifisert større laust inventar skal bevarast som ein integrert del av interiøret. Døme på fast inventar er omn og veggfaste hyller i stova samt båsane i fjøset.

Formålet med fredinga av større laust inventar er å sikre vesentlege element i stovebygningen som kompletterer det faste inventaret.

Fredinga av enga og hagen skal sikre anlegget som eit viktig døme på slåtteeeng, frukt/bærhage og urte-/staudehage tilhøyrande ein husmannsplass frå 1870-åra.

Formålet med fredinga av området rundt bygningane, slåtteeenga og hagen er å sikre verknaden i miljøet, og å verne om vitskapelege interesser som knyter seg til det, gjennom å oppretthalde anlegget sin karakter av kulturlandskap med innslag av beitemark og dyrka mark. Vidare skal områdefredinga ivareta bygningsmiljøets verknad i landskapet samt sikre utsyn frå eigedomen og innsyn til eigedomen.

Fredingsføresegner

Fredingsføresegnene er utforma i samsvar med formålet med fredinga og gjeld i tillegg til kulturminnelova sine føresegner om vedtaksfreda kulturminne frå nyare tid.

Føresegner for freda bygningar, hage og slåtteeeng etter kml § 15:

1. Det er ikkje tillate å rive, skade eller flytte bygningane eller delar av dei.
2. Det er ikkje tillate å byggje om eksteriøret eller interiøret til bygningane. (Unntatt frå dette er eventuelle tilbakeføringar, jf. punkt 6.)
3. Det er ikkje tillate å skifte ut bygningselement eller materiale, endre overflater eller utføre anna arbeid ut over vanleg vedlikehald på eksteriør, interiør eller konstruksjonar på bygningane (Unntatt frå dette er eventuelle tilbakeføringar, jf. punkt 6.)
4. Større laust inventar som inngår i fredinga jf. oppstilling under «Omfanget av fredinga», må ikkje skadast, endrast eller fjernast frå bygningane.
5. Alt vedlikehald og all istandsetjing skal skje med materiale og metodar som er i tråd med bygningane sin eigenart og på ein måte som ikkje reduserer dei arkitektoniske og kulturhistoriske verdiane.
6. Tilbakeføringar til opphavleg eller tidlegare utsjånad og/eller konstruksjonar kan det gjevast løyve til i særlege tilfelle på vilkår av at tiltaket kan gjerast på eit sikkert dokumentert grunnlag og etter dispensasjon frå kulturminnestyresmaktene.
7. Fjerning av trær, busker, urter, staudar, steinrøyser og opphavlege installasjonar, eller andre tiltak som vil kunne endre slåtteeenga og hagen sin karakter i vesentlig grad, er ikkje tillate.
Føresegner for område freda etter kml § 19:

8. *Innanfor det freda området må det ikkje verte sett i verk tiltak eller bruksendringar som kan forandre området sin karakter eller på annan måte motverke formålet med fredinga. Dette gjeld alle former for busetnad, anlegg og utviding av veg eller parkeringsplass, oppsetjing av gjerde, skilt, endring av planting eller belegg, planering, utfylling og andre landskapsinngrep.*

Følgjer av fredinga

Lovheimel

Når det gjeld handsaminga av freda hus og anlegg og område vert det vist til kulturminnelova §§ 15a, 16, 17, 18 , 19 og 21, samt ovannemnde fredingsføresegner.

Arbeid som krev løyve etter plan- og bygningslova, må i tillegg leggjast fram for kommunale styresmakter. Det blir gjort merksam på at løyve etter kulturminnelova må liggje føre før arbeid i tråd med plan- og bygningslova kan setjast i verk. Jf. avsnittet om dispensasjon nedanfor.

Vedlikehald

Det er eigar som har ansvar for det jamne vedlikehaldet av freda bygningar og anlegg. Det grunnleggjande prinsippet for vedlikehald av freda bygningar er å bevare mest mogeleg av dei opphavlege eller eldre bygningselementa og detaljar som kleding, vindauge, dører, listverk, gerikter og overflatebehandling. Vedlikehald av freda bygningar og anlegg skal så langt som mogeleg skje i samsvar med opphavleg utføring, teknikk og materialbruk og i samsvar med fredingsføresegnene.

For meir informasjon om vedlikehald og forvaltning av freda bygningar og anlegg, viser vi til Riksantikvarens informasjonsblad.

Dispensasjon

Fredinga medfører at det må søkjast om løyve/ dispensasjon til å setje i gang alle typar tiltak som går ut over vanleg vedlikehald, jf. kml §§ 15a og 19 tredje ledd. Søknad om løyve skal sendast fylkeskommunen som avgjer om tiltaket kan igangsetjast, evt. på visse vilkår. Oppstår det tvil om kva som er vanleg vedlikehald, skal fylkeskommunen likeins kontaktast.

Økonomisk tilskot

Det er høve til å søkje fylkeskommunen om tilskot til vedlikehald og istandsetjingsarbeid.

Kulturminnestyresmaktene kan gje økonomisk tilskot til utbetring og reparasjon av eit freda anlegg. Dette gjeld likevel berre dersom egedomen er privateigd eller eigd av ein kommunal eller fylkeskommunal bedrift organisert som eit sjølvstendig rettssubjekt, jf. rundskriv frå Finansdepartementet – Statens kontoplan.

Fylkeskommunen kan gi opplysningar om frist for innsending av og krav til søknad. Fylkeskommunen kan likeins gje råd om kva det kan søkjast om og om korleis søknadene vert handsama

Kort karakteristikk av kulturminnet

Stove og løe/fjøsbygning

Bygningen på Severinbrauta vart satt opp på noverande stad på 1870-talet av Severin Olsen Osvik. Delar av bygningen er ei røykstove, truleg frå 1700-talet, som er samanbygd med ei løe/fjøsbygning mot sør. Stova og fjøset er i lafta tømmer, medan løa er satt opp i stavkonstruksjon. Utvendig er bygningane delvis kledd med panel. For det meste er det låvepanel, men det er og noko supanel og tømmermannspanel. Taket er torvtekt på stovedelen, medan løa/fjøset er tekt med bølglekk.

Den eldre stovedelen er flytta til Severinbrauta. Kvar den har stått tidlegare, er ikkje kjent.

Inventar

Folket på Severinbrauta levde sparsamt og ingenting vart kasta. Innbuet dokumenterer difor på ein unik måte livet på plassen frå kring 1870 og fram til 1995, då siste eigar Nelly Veiberg døde. I tillegg til det freda faste og større lause inventaret, er det lagra ei stor mengd innbu som vert teke vare på og forvalta av Stiftinga Severinbrauta.

Hage og slåtteeng

Hageanlegget består av ein urte-/staukehage nærast bygningane, langs aust- og vestsida, og ein frukt-/bærhage litt lengre aust og sør for bygningane. Resten av marka som tilhøyrr husmannsplassen, er slåtteeng, beita eller ubeita. Slåtteenga på nedsida av bygningane (mot vest) er svært bratt, og ho er derfor terrassert ved hjelp av steinrøyser.

For nærare skildring av kulturminnet vert det vist til vedlagt dokumentasjon (Vedlegg 1).

Fylkeskommunen si vurdering av kulturminnet. Grunngeving for fredingsvedtaket.

Samandrag av fylkeskommunen si vurdering i utkast til vedtak dagsett 08.06.2010.

Severinbrauta er eit svært godt bevart døme på ein husmannsplass frå 1870-talet, og representerer store verdiar, både bygningshistoriske og kulturhistoriske.

Med kulturlandskap og bygningar, representerer Severinbrauta eit nær uendra miljø frå 1870-talet, med stor grad av autentisitet. Det rikholdige innbuet fortel på ein unik måte historia om det å være plassfolk, om kvinnenes liv og gjerning, om draumen om Amerika, og ikkje minst om ein sparsemd- og nøysemdekultur der ein klarte seg med enkle hjelpemiddel i kvardagen, på gjenbruka materiale og på det jorda gav av grøde.

Det ligg ein unik kulturhistorisk verdi i heilskapen innbu, bygningar og kulturlandskap på Severinbrauta, og det er svært viktig at nettopp denne heilskapen vert oppretthalde.

Det er ikkje høve til å bevare alt innbuet etter Nelly Veiberg gjennom freding. Dei gjenstandane som vert foreslått freda viser mellom anna produksjonsliner på husmannsplassen. Kvinnene på Severinbrauta livnærte seg mellom anna av tekstilproduksjon. Rokkar, hespetre og vev vert foreslått freda som dokumentasjon på verksemda. Også høvelbenk og verktøykasse vert foreslått freda. Desse gjenstandane viser Severin Olsen si snikkarverksemd på plassen.

Det fins vidare relativt få bevarte døme på samanbygd stove og driftsbygning. Der desse er teke vare på, er ofte driftsbygningen modernisert. Driftsbygningen på Severinbrauta står nær

uendra, og representerer derfor både bygningshistorisk og kulturhistorisk verdi. Dei ulike delane av driftsbygningen viser korleis drifta var på plassen i frå starten. Også hageanlegget og slåttenga er bevart i sin opphavlege form, med gamle vekstar som viser kva plassfolket dyrka og korleis dei dyrka det. Hageanlegg knytte til husmannsplassar er underrepresenterte i gruppa av bevarte kulturminne. Den kulturhistoriske verdien vurderast derfor som svært høg.

Riksantikvaren si mynde

Det følgjer av kml § 15 jf. § 22 at departementet kan frede byggverk og anlegg eller delar av dei som har kulturhistorisk eller arkitektonisk verdi. Det følgjer vidare av kml § 19 at departementet kan frede eit område rundt eit freda kulturminne så langt det er nødvendig for å bevare verknaden av kulturminnet i miljøet eller for å verne vitskaplege interesser som knyter seg til det. Mynde til å fatte vedtak om freding er delegert frå Miljøverndepartementet til Riksantikvaren jf. forskrift av 9. februar 1979 om fagleg ansvarsfordeling mv. etter kulturminnelova, § 12 nr.1.

Lokalisering og eigedomsforhold. Reguleringsstatus

Husmannsplassen Severinbrauta er ein bygsla del av Veiberg gard som ligg eit stykke opp i Eidsdalen i Norddal kommune. Grunneigarane er Petra J. Nakken (gbnr 60/3) og Jan Trygve Veiberg (gbnr 60/4). Bygningane og innbuet er det Norddal kommune som eig og Stiftinga Severinbrauta som forvaltar.

Området kring plassen er for det meste dyrka mark, beite, utmark eller skog. Området som vert freda er regulert til LNF-område.

Omsynet til naturmangfaldlova

Prinsippa i Lov om naturmangfald av 19. juni 2009 nr. 100 (naturmangfaldlova) §§ 8-12 skal leggjast til grunn ved offentleg myndigheitsutøving som famnar naturmangfaldet. Riksantikvaren har gjort søk i Artsdatabanken sin base, Artskart, og Direktoratet for Naturforvaltning sin Naturbase for å få naudsynt kunnskap og grunnlag for si avgjerd.

Artsdatabanken sin base, Artskart

Innanfor areal som er merka som freda på kart side 2 er det ingen registrerte sårbare eller trua arter i Artsdatbanken sin base, Artskart.

Direktoratet for Naturforvaltning sin Naturbase

I Direktoratet for Naturforvaltning sin Naturbase er det funn av registrerte naturtypar i to kartlag:

- Nasjonalt og regionalt viktig prioritert naturtype: Eit område på 28 daa er registrert som nasjonalt og regionalt viktig prioritert naturtype. Naturtypen er hagemark, utforminga er einerhage/einerbakke. Ein del av det registrerte området ligg bakanfor arealet freda etter kml § 19. Naturtypen har følgjande verdigrunngeving: *Karakteristisk for området er einerhagar, som tidlegare var utbreidd i heile lia opp til setrane. Lokaliteten tilhøyrar naturtypen hagemark med ein del einer (dels søyleeiner, som er eit særmerke i store deler av Eidsdalen) og bjørk, men det er og delvis opne naturbeitemarker.* Vidare står det at lokaliteten er ein av relativt få attverande naturbeitemarker/hagemarker nede i sjølve Eidsdalen.
- Arsdata: det er registrert eit felt merka artsforekomst som strekk seg frå Øye og om lag to kilometer mot nordaust. Ein del av dette feltet ligg innanfor det freda arealet og overlapper

hagemarka registrert i punktet over. Arealet er registrert som beiteområde for hjort på vinterstid, verdikode b viktig.



Vurdering

Dei to registrerte areala i Naturbase ligg rundt bygningane og hagen, innafor området freda etter kml § 19. På Severinbrauta er både hageanlegget og slåtteeenga bevart i sin opphavlege form. At slike landskapsområder er bevart tilknytt ein husmannsplass er svært sjeldan. Formålet med å frede eit område rundt bygningane og hagen er å sikre det tradisjonelle jordbrukslandskapet rundt husmannsplassen.

Innmarka er i god hevd. Formålet med fredinga er nettopp å sikre landskapet slik det framstår med bygningar og hage, omgitt av slåtteeeng. Vidare skal områdefredinga ivareta bygningsmiljøet sin verknad i landskapet samt sikre utsyn frå eigedomen og innsyn til eigedomen.

Eit viktig formål med fredinga er å sikre noverande kulturlandskap. På denne bakgrunn finn Riksantikvaren at fredingsvedtaket vil styrke naturmangfaldet og kulturlandskapet snarare enn å påverke det i negativ retning.

Utgreiing for saksgang og innkomne merknader

Bakgrunnen for fredinga

I 1995 døydde den siste bebuaren på Severinbrauta, Nelly Veiberg. Stove og løe/fjøsbygning hadde då fått stå nær uendra sidan 1870-talet, med eit særskild rikhaldig innbu. Ei komplett samling av møblar og lausøyre for kvardag og fest frå dei siste 120 åra er ein unik kulturhistorisk skatt.

Sidan Nelly Veiberg ikkje hadde nokre etterkomarar, gjekk eignedomen, jf. arvelova, over til staten då ho døydde. Staten overdrog eignedomen til Norddal kommune i 1997, og det vart samstundes oppretta ei stifting som skulle ta hand om og forvalte kulturminnet. Stiftinga Severinbrauta er ansvarleg for vedlikehald og har sett bygningane i stand i nært samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune. Noko av innbuet er framleis på Severinbrauta, men mesteparten ligg lagra på ein nedlagt skule i bygda.

Vedtak om mellombels freding

Då siste eigar ikkje etterlet seg nokon arving, gjekk Møre og Romsdal fylkeskommune 18.02.1997 til mellombels freding av kulturlandskap og bygningar med innbu for å sikre bevaring av Severinbrauta.

Fredingssaka vart liggjande i Møre og Romsdal fylkeskommune til den vart teke opp att i 2008 gjennom prosjektet Fredingsgjennomgangen. I perioden vart det drøfta om det er heimel i kulturminnelova til å frede eit komplett innbu slik Møre og Romsdal fylkeskommune gjorde ved sitt mellombelse vedtak i 1997. Riksantikvaren har gjort det klart at berre større laust inventar kan fredast med heimel i kulturminnelova.

04.12.2008 vart det halde synfaring med representantar for Møre og Romsdal fylkeskommune, Norddal kommune, stiftinga, grunneigarane og Riksantikvaren til stades. Området kring husmannsplassen vart då mellom anna vurdert med tanke på avgrensing av eit område freda etter kml § 19. I landskapet pekte nokre linjer seg ut som naturlege å følgje. På nordsida, mot Veiberg gard, var det likevel uvisse om kvar det var mest naturleg å trekke grensa.

Melding om oppstart av freding

Melding om oppstart av freding vart, i samsvar med kml § 22 nr. 1 sendt grunneigarane Petra J. Nakken og Jan Trygve Veiberg samt Norddal kommune som eigar av bygningane og Stiftinga for Severinbrauta som forvaltar, i brev av 20.01.2009. Samtidig vart varselet kunngjort i avisene Sunnmørsposten og Sunnmøringen.

Det vart gitt ein frist på 3 veker for å kome med fråsegn til fredingsvarselet.

Ei fråsegn kom inn frå grunneigarane Petra J. Nakken og Jan Trygve Veiberg i brev av 08.02.2009. På kartet vedlagt fredingsvarselet var det merka av eit område som var tenkt freda etter kml § 19. Grunneigarane meinte at området var for stort, og sendte difor kartet tilbake med eit eige forslag til avgrensing.

Offentleg ettersyn

Fylkeskommunen utforma deretter fredingsforslag som i samsvar med kml § 22 nr. 2 vart sendt på høyring til mellom andre grunneigarane Petra J. Nakken og Jan Trygve Veiberg samt Norddal kommune som eigar av bygningen og Stiftelsen for Severinbrauta som forvaltar, ved brev av 25.06.2010. Samtidig vart det kunngjort i avisene Sunnmørsposten og Sunnmøringen og Norsk lysingsblad at fredingsforslaget var lagt ut til offentlig ettersyn i Norddal kommune.

Det vart gitt ein frist på 6 veker frå kunngjeringsdagen til å kome med fråsegn i saka.

I forslaget som vart lagt ut til offentlig ettersyn var omfanget av området foreslått freda etter kml § 19, endra slik at det gjekk eit stykke lengre sør samanlikna med avgrensinga i fredingsvarselet. Dette vart gjort for å komme grunneigarane i møte, jf. deira fråsegn til fredingsvarselet.

Det kom ingen merknader til det offentlege ettersynet.

Norddal kommune sin handsaming

Etter kulturminnelova § 22 nr. 3 skal forslag om freding leggast fram for kommunestyret før vedtak om freding vert fatta. Fredingsforslaget vart sendt til kommunen i brev av 13.07.2011. Kommunestyret handsama saka i møte 01.09.2011. Kommunestyret fatta følgjande vedtak:

KS-052/11 Vedtak i Kommunestyret 01.09.2011:

Norddal kommune støttar fredingsforslaget frå Møre og Romsdal fylke etter kulturminnelova §§ 15 og 19 av Severinbrauta, bygsla del av Veiberg gard, gnr 60, bnr 3 og 4.

Riksantikvaren si handsaming

Forslag til freding vart sendt til Riksantikvaren 06.12.2011. Riksantikvaren har under utgreiinga av saka vore i kontakt med Møre og Romsdal fylkeskommune, grunneigarane og Stiftinga Severinbrauta.

Riksantikvaren sine merknader

Riksantikvaren slutter seg til Møre og Romsdal fylkeskommune si vurdering av Severinbrauta som eit unikt kulturminne.

Bygningane er gode representantar for stovebygning, løe og fjøs på ein husmannsplass. Det er få døme på samanbygd stove og driftsbygning, ettersom endring av drift gjerne har gjort det naudsynt med ombygging. Bygningane på Severinbrauta har stor grad av autentisitet både i eksteriør og interiør.

Riksantikvaren har i si vurdering av saka valt å ta ut nokre av inventarstykkene som var foreslått freda som større laust inventar. Dette gjeld *vev, fem rokkar, tre hespetre, høvelbenk, verktykkasse i tre med innhald (diverse snikkarverktøy) og trillebår i tre*. Innbuet frå Severinbrauta inneheld ei mengd møblar og lausøyre av stor kulturhistorisk verdi. Det er unikt at det er bevart så mykje inventar frå eit hushald, at så mykje har fått stå uendra og at så lite er kasta. Sidan kulturminnelova berre gjev heimel til å frede større laust inventar, og det difor ikkje er mogeleg å frede innbuet på Severinbrauta i sin heilskap, finn Riksantikvaren det mest riktig å avgrense fredinga av innbuet til benker, bord og senger.

Riksantikvaren er glad for at Stiftinga Severinbrauta tek ansvar for handsaminga av samlinga av inventar og gjenstandar som dokumenterer liv og virke på Severinbrauta. Vi voner at den unike samlinga vil bli formidla til allmenta på ein god måte.

Hageanlegget, som består av frukt-/bærhage, urte-/staudehage samt slåtteeing, er bevart i sin opphavlege form. På husmannsplassar er dette sjeldsynt. Hageanlegget kan difor vere unikt i nasjonal samanheng og har høg kunnskap- og kjeldeverdi. Det er eit ynskje at innmarksområdet som omfattast av fredinga etter kml § 19 haldast ope og attgroing hindrast for å bevare landskapet sin karakter.

Bygningane, hagen og slåtteeinga utgjer eit heilskapleg anlegg og er eit godt døme på ein husmannsplass frå 1870-åra. Vidare er anlegget eit godt døme på korleis ein har tilpassa seg eit ulendt og bratt terreng og utnytta moglegheitene med jordbruk og nyttehage. Bygningane står nær uendra sidan slutten av 1800-talet, og deira funksjon og bruken av området kan framleis tydeleg lesast. Anlegget har difor særleg høg kulturhistorisk og arkitektonisk verdi.

Riksantikvaren si vurdering er at husmannsplassen Severinbrauta, med bygningar, hage og slåtteng som eit samla anlegg, har høg nasjonal verdi. Fredinga styrkar det representative utvalet av kulturhistorisk viktige anlegg med bygningar og hageanlegg, og fortel om livet på ein husmannsplass heilt frå 1870-åra og fram til starten av 1990-talet. Det er ikkje mange slike heilskaplege husmannsanlegg som er bevart i Noreg.


Det har vore ein dialog med grunneigarar, kommune og Stiftinga Severinbrauta undervegs i prosessen som gjer at Riksantikvaren legg til grunn at alle er positive til fredinga. Dette er gledeleg og det beste utgangspunkt for at bygningane, hagen og slåtteenga blir tekne vare på for ettertida.

Opplysning om klagehøve og tinglysing


Fredingsvedtaket til Riksantikvaren kan klagast inn til Miljøverndepartementet, jf. forvaltingslova § 28. Ei eventuell klage skal stilast til Miljøverndepartementet, men sendast Riksantikvaren innan tre veker frå fredingsvedtaket er motteke, jf. forvaltingslova § 29.

Fredingsvedtaket vil bli tinglyst av Riksantikvaren i samsvar med kml § 22 nr. 5

Beste helsing



Jørn Holme



Dagfinn Claudius
avdelingsdirektør

Vedlegg:

- 1: Dokumentasjonsvedlegg
- 2: Riksantikvarens informasjonsblad "Å eige eit freda hus"
- 3: Rundskriv 27.09.2013 om dispensasjonsbehandling

Adresseliste eigarar:

- Petra Nakken, 6215 Eidsdal
- Jan Trygve Veiberg, 6215 Eidsdal
- Norddal kommune, 6210 Valldal
- Stiftinga Severinbrauta v/ styreleiar, Petrines gjestgiveri, 6214 Norddal

Kopi med vedlegg 1 til:

- Miljøverndepartementet - Kulturminneavdelingen, Postboks 8013 Dep, 0030 OSLO
- Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, Julsundvegen 9 6404 Molde